



Informasjon til elev og føresette om melding til Statsforvaltaren og klage til Utdanningsdirektoratet § 12

Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikt i einskildsaker.

Når kan du melde saka til Statsforvaltaren?

Dersom du (eller dine føresette om du er under 18 år) meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal for å sørge for at du har eit trygt og godt skulemiljø, kan du melde saka direkte til Statsforvaltaren i fylket du bur.

Føresetnadene er at:

- Du må ha tatt opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med skulen
- Mobbinga må gå føre seg på den skulen du er elev på no

Er det spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Statsforvaltaren. Du kan òg ta kontakt med Mobbeombodet i Vestland, om du vil diskutere saka ([Mobbeombodet i Vestland](#))

Korleis melder du saka til Statsforvaltaren?

Du må ta kontakt med Statsforvaltaren i Vestland. Du finn informasjon på: ([Statsforvaltaren i Vestland](#))

Kva gjer Statsforvaltaren?

Statsforvaltaren passar på at skulen følgjer lover og reglar om at elevane skal ha det bra. Dersom Statsforvaltaren meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva fylkeskommunen skal gjere i saka slik at eleven får det trygt og godt på skulen. Dei kan også vedta konkrete tiltak som skulen må gjennomføre. Statsforvaltaren vil be fylkeskommunen og skulen om relevante dokument og informasjon i saka.

Kva som er best for eleven er det viktigaste når Statsforvaltaren skal behandle saka.

Statsforvaltaren vil setje ein frist, og sørgjer for at fylkeskommunen følgjer opp innan fristen. Dersom fylkeskommunen ikkje følgjer opp saka, kan dei få bøter. Statsforvaltaren kan også gi deg råd om rettane dine.

Kva om Statsforvaltaren meiner at skulen har sett inn eigna tiltak?

Dersom Statsforvaltaren meiner at skulen har gjort det som ein med rimeleg grunn kan forvente, og planane til skulen for vidare tiltak er gode nok, vil Statsforvaltaren ikkje gi deg medhald i saka.

Klage til Utdanningsdirektoratet.

Er du usamd i Statsforvaltaren sitt enkeltvedtak, kan du klage til Utdanningsdirektoratet. Du må sende klagen til Statsforvaltaren, som vil vurdere han på nytt. Deretter sender Statsforvaltaren klagen til Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet vil gå gjennom saka, vurdere klagen og eventuelt bestemme kva som bør gjerast vidare.